

MUSEA I SOGN OG FJORDANE

Kommunane Førde, Gaular, Jølster, Naustdal og Fjaler v/Bjørn-Harald Haugsvær

Sandane, 16.mai 2019

Vedk. Utbetring og oppgradering av Sunnfjord Museum

Vi viser til brev datert 14.mai.

Musea i Sogn og Fjordane (MiSF) er svært opptatt av å ta vare på Sunnfjord Museum. Når no Kløften er lagt vekk jobbar vi målretta og systematisk for både å løyse arbeidstilsynssaka og greie ut behovet for nybygg. Styret i MiSF vedtok 10.april å sette av inntil 1 million kroner til utvikling av eit skisseprosjekt for nybygg og ombygging ved Sunnfjord Museum. I tillegg til dette er det sett av inntil 3 millionar kroner for sikring av arbeidsmiljøet ved Sunnfjord Museum i tråd med tiltaksplanen som Arbeidstilsynet godkjente i brev datert 30.november 2016.

Vi har no etablert to interne prosjekt for å sikre framdrifta i dette arbeidet. Erfaring tilseier at det tek tid å etablere gode «gryteklare» prosjekt. Vi har som mål å ha klart eit skisseprosjekt for nybygg ved Sunnfjord Museum innan 31.desember 2019. Vi tek likevel høgde for at arbeidet med arbeidstilsynssaka kan påverke framdrifta i skisseprosjektet. Etter planen skal dei konkrete tiltaka knytt til arbeidstilsynssaka vere gjennomført innan 30.juni 2020.

Med vennleg helsing



Kjartan Aa Berge
Administrerende direktør

Kopi: Sogn og Fjordane fylkeskommune v/assisterande fylkeskulturdirektør Ingebjørg Erikstad